

## **Resolusjon**

### **ARBEIDSTID FOR UNDERVISNINGSPERSONALET**

Nok ein gong er det stor avstand og harde frontar mellom Utdanningsforbundet og KS når det gjeld arbeidstidsforhandlingane for undervisningspersonalet. Dagens arbeidstidsavtale, SFS 2213, inneholder ein del svært viktige element som det er heilt naudsynt å ta med seg inn i ein ny avtale. Avtalen regulerer kor mykje undervisning eit lærarårsværk skal innehalde, og sikrar lærarane ei minimumstid til for- og etterarbeid. SFS 2213 er ein sentral avtale, noko som sikrar kvar einskild skule i heile landet eit minimum av ressursar og bemanning. Alt dette vil KS endre på.

KS vil erstatte den sentrale avtalen med lokale drøftingar. Alle sentrale garantiar om eit minste ressursnivå til skulane og tid til for- og etterarbeid for lærarane forsvinn. Dette blir erstatta med lokal styringsrett og ordet «tilstrekkeleg». Følgja kan bli at lærarane blir pålagt meir undervisning enn i dag, utan ekstra kompensasjon i form av reduksjon i andre oppgåver, overtidsbetaling eller avspasering. Manglande tid til førebuing vil gi dårligare kvalitet på undervisninga.

Lærarane skal i tillegg kunne påleggjast å arbeide inntil seks ekstra veker i året, utan elevar. Desse vekene skal nyttast til etter- og vidareutdanning, planlegging og samarbeid. Dette betyr inntil 6 timer kortare arbeidsveker dei vekene elevane er på skulen, og fører til mindre til førebuing av undervisninga.

Mange kommunar har svært pressa økonomi. Utdanningsforbundet Lindås meiner det er naivt å tru at kommunane ikkje vil nytte seg av desse moglegheitene til å spare pengar. Rektorane vil få ei krevjande oppgåve med å balansere kommunale innsparingskrav opp mot kva som er «tilstrekkeleg» og «forsvarleg» når det ikkje lenger finst sentrale minstenormer. Det vil vere ei umogleg oppgåve for lærarane om dei skal undervise meir, med kortare arbeidsveke og mindre tid til for- og etterarbeid.

Utdanningsforbundet Lindås er opptatt av kvalitet i skulen, og krev at lærarane, gjennom ei sentral arbeidstidsavtale, blir sikra tid til å vere godt førebudde til undervisninga og til å følgje opp kvar einskild elev.

Utdanningsforbundet Lindås oppmodar alle som er uroa for at KS sine løysingar vil svekke kvaliteten i skulen, til å støtte lærarane i tida framover.

Med bakgrunn i at KS hevdar å ha støtte frå dei aller fleste kommunane, bed Utdanningsforbundet Lindås om at Lindås kommune står fram med sine standpunkt i saka. Dersom kommunen deler Utdanningsforbundet si uro, er det på tide å seie det høgt.

**Resolusjon vedteke på årsmøtet til Utdanningsforbundet Lindås 2.april 2014**